

Fylkesavdelinga i Rogaland møter Rogalandsbenken på Stortinget

JUDABERG: Norsk kulturskoleråd Rogaland har fått positivt svar på førespurnad om å få eit møte med Rogalandsbenken på Stortinget.

Fylkesleiar Hans Willoch Bræin, nestleiar Kjell Olav Henriksen og kulturskolekonsulent Anders Aabø vert med på møtet som er lagt til Rogaland mandag 16. mai. Det er sansynleg at Stortingsbenken vert fulltallig.

Fylkesavdelinga har fått ei tidsramme på 45 minutt, og med utgangspunkt i Kulturskoleløftet ønskjer ein å setja fokus på:

- kulturskulane som del av det kommunale opplæringstilbodet
- effektar av ulike finansieringsmodellar
- utdanning av lærarar til kulturskulane
- forsking i tilknyting til kulturskulane

Tekst: Anders Aabø (*Utlagt: 15.04.2011*)